

# PROTOKOLL

Ryfylkefondet

Møtedato: 11.06.2020

Utval: Ryfylkefondet  
Møtestad: Digitalt møte i Teams  
Tid: 08:30 – 10:30

Til stades: Gerd Helen Bø, Stanley Wirak, Marianne Chesak, Irene Heng Lauvsnes, Bjørn Laugaland, Asbjørn Birkeland og Geir Ims (sekretær)

## SAKLISTE

**08/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**  
Innkalling og saksliste blei godkjent med tilleggssak ny Sak 23/20.

**09/20 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 14.04.20**  
Protokoll blei godkjent. Wirak opplyste at kommuneadvokaten i Sandnes kunne ha formelle innvendingar til formulering i avtaleverk (sjå sak 10/20)

**10/20 GODKJENNING AV NY ORGANISERING OG AVTALAR FOR RYFYLKEFONDET**

I drøftinga kom det fram semje om at samarbeidsavtalen er hovuddokument og avtalen om konsesjonskraft eit vedlegg til denne.

Samarbeidsavtalens § 4 punkt 5 må sjekkast ut i høve til lovverket. § 5 punkt 3 endrast til: Representantskapets medlemmer er ugilde ved behandling av søknader der eigen kommune søker om midler.

§ 11 punkt 2 bør endrast til andel basert på innskoten kapital og punkt 4 endrast til : Rogaland fylkeskommune skal ha ansvaret for at oppgåvefelleskapets arkiv blir oppbevart ved ei eventuell oppløysing.

### VEDTAK

Dagleg leiar sender avtalen ut til ettersyn i styret etter klarering og tilpassing av innspel frå styret, administrasjonen i Sandnes kommune og Rog. Fylkeskommune.

**11/20 SØKNAD OM STØTTE TIL RESTAURERING FREMAD II**

Tilråding:

Ryfylkefondet løver kr. 500.000 i støtte til rehabilitering av Fremad II som omsøkt.

#### **VEDTAK**

Samrøystes i samsvar med tilråding

#### **12/20 SØKNAD OM MIDLER STRAND VGS E-SPORT LINJE**

Marianne Chesak erklærte seg ugild i handsaminga av saka.

Tilråding:

Ryfylkefondet løver kr. 600.000 i støtte til E-sport tilbud som skildra i søknad.

#### **VEDTAK**

Samrøystes i samsvar med tilråding

#### **13/20 SØKNAD OM MIDLER TIL – SAGASTI (HOVLANDSNUTEN)**

Tilråding:

Ryfylkefondet løyver kr. 150.000 til fullføring av Sagastien som skildra i søknad.

#### **VEDTAK**

Samrøystes i samsvar med tilråding

#### **14/20 SØKNAD FRÅ RYFYLKE NÆRINGSHAGE**

Tilråding:

Ryfylkefondet løyver ikkje midlar til dei skildra aktivitetane.

#### **VEDTAK**

Samrøystes i samsvar med tilråding

#### **15/20 SØKNAD FRÅ ROGALAND MÅLLAG**

Tilråding:

Ryfylkefondet løver kr. 30.000 i tilskot til Rogaland Mållag til dei skildra aktivitetane i søknad.

#### **VEDTAK**

Ryfylkefondet løyver ikkje midlar til Rogaland Mållag, samrøystes

### **16/20 SØKNAD OM STØTTE TIL JUBILEUMSSPEL/HAUGESPEL**

Tilråding:

Ryfylkefondet løyver kr. 50.000 til utvikling av jubileumsspel Vestlandske Haugespor- åndsliv og næringsliv.

#### **VEDTAK**

Ryfylkefondet løyver ikkje midlar til Haugespel, samrøystes

### **17/20 SØKNAD OM STØTTE TIL NYNORSK ANTOLOGI**

Tilråding:

Ryfylkefondet løver kr. 75.000 i støtte til bokprosjekt som skildra i søknad.

#### **VEDTAK**

Ryfylkefondet løyver ikkje midlar til det omsøkte bokprosjektet, samrøystes.

### **18/20 SØKNAD OM STØTTE TIL BOKPROSJEKT**

Tilråding:

Ryfylkefondet løyver kr. 50.000 til bokprosjektet Småbåtar i Rogaland.

#### **VEDTAK**

Ryfylkefondet løyvar ikkje midlar til bokprosjektet, samrøystes

### **19/20 SØKNAD FRÅ REISEMÅL RYFYLKE- MARKEDSMIDLAR**

Irene Heng Lauvsnes erklærte seg ugild i denne saka.

Tilråding:

Ryfylkefondet løyver kr. 600.000 til å gjennomføre dei marknadstiltak som er skildra i søknad.

### **VEDTAK**

Samrøystes i samsvar med tilråding

**20/20**

### **SØKNAD OM MIDLER TIL KONFERANSE**

Marianne Chesak erklærte seg ugild i denne saka. Irene Heng Lauvsnes deltok ikkje i møtet under handsaming av denne saka.

Tilråding:

Ryfylkefondet løyver kr. 50.000 til konferansen slik skildra i søknad.

### **VEDTAK**

Samrøystes (4 av 4 stemmer) i samsvar med tilråding.

**21/20**

### **SØKNAD FRÅ LANDA PARK - VIKINGFESTIVAL**

Tilråding:

Ryfylkefondet løyver kr. 30.000 til å gjennomføre Vikingfestival på Landa i august 2020.

Løyvinga er på vilkår av at festivalen vert gjennomført. Andre tilskot til festivalen kjem til fradrag i løyvinga.

### **VEDTAK**

Samrøystes i samsvar med tilråding\*.

\*)I melding om vedtak gjer administrasjonen søkjar merksam på at utlyste tidsfristar for søknad må oppfyllast i framtida slik at dette unntaket ikkje må oppfattast som ein regel.

**22/20**

### **ORIENTERINGS- OG DRØFTINGSAKER**

**a. Oversikt løyvde midlar**

**b. Oversikt ikkje utbetalte løyvingar**

**c. Saker som kan handterast administrativt men som ligg litt på vent i høve til nye retningslinjer**

Tilråding:

Styret tok orienterings- og drøftingsaker til vitande.

**VEDTAK:**

Samrøystes i samsvar med tilråding.

**23/20**

**71 GRADER NORD I LYSEFJORDEN – MARKNADSMIDLER**

Tilråding:

Styret løyvar inntil kr. 50.000 til innspelingsarbeidet for 71 grader Nord i Lysefjorden på vilkår av at de kjem fram ein klar og positiv Ryfylke kopling.

**VEDTAK**

Styret løyvar inntil kr. 50.000 til innspelingsarbeidet for 71 grader Nord i Lysefjorden på vilkår av at de kjem fram ein klar og positiv Ryfylke kopling. Det vil være ønskelig at Ryfylkelogoen blir synlig.

**24/20**

**YMSE**

Det er eit mål at neste styremøte skal være eit fysisk møte og at styret får god tid til å diskutera nærare retningslinjer for tildeling av midlar.

Neste styremøte er den 20 august, kl. 13:00 – 15:30

Hjelmeland, 05 .06.20

Geir Ims